

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Høle

Emne: Skav

Bygdelag: I serleg mun bygt
på utsegner frå

Oppskr. av Jon Bergsaker

Gard: Bergsagel-krinsen

(adresse): "Rogaland", Stavanger

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ymse heimelsmenn, serleg bonde h.v. Ola Bergsaker, fødd 1875

SVAR

1-2: Samnamm for ymse slag for utanom høyet måtte helst vera hjelpe-for, men elles var det mykje slik at kvart slag av slikt hjelpe-for vart nemnt med eige namn. Ved sida av skav, vart lyng brukt over heile heradet, likeeins lauv-kjervar. Serleg frå ei einskild grend i heradet (Oltesvik-krinsen) veit ein om ålment bruk av beit som hjelpe-for.

3 : skava - skjev - skov - skave

4 : Skav har vore nytta til krøter-for og då ikkje berre til hjelp i vanskelege år. Ein såg det stødt naudsynt å ha skav til utfylling av høy og halm til krøtera.

5 : Raun, ask og eik kjenner ein til vart nytta til skav. Raun og ask heldt ein gjævast til slikt for, og der det voks nøgda av slike tre, tok ein alra helst dei. Men i alle fall for visse grenders vedkomande var det eik som vart mest nytta, då det var mest av dette treslaget å finna, av sålike ein såg eigna til skav. Alm veks det ikkje i heradet.

6 : Nei, ein kjenner ikkje slik nemning på sers tre-slag

7 : Rimet er ukjent

- 8: Det var berre kyrne som fekk skav, og dei fekk skav heile vinteren igjennom. Det vart gjeve attåt høyr og halm. Det er rimeleg å tru at det må vera røynt ut at kyrne ikkje ville ha skav av or, då or aldri, det ein no veit, vart nytta til skavved, endå det veks nógda av dette treet på stader som måtte liggja aller mest kagleg til.
- 9: Det er ikkje utsegner om at kyrne mjølka meir når dei fekk skav, men dei gamle~~ne~~ sa at skav gav betre mjølk. Såleis heitte det at det gav tjukkare fløyte. Ein høyrde ikkje dei gamle tala om nokon beisk smak på mjølka av skav.
- 10: Ein drog mykje eins erend for å henta skav-ved, og elles var det ofte slik at var ein av på skogsarbeid, skulle ein stødt ha med seg heim eit lass eller ei bør med skav-ved. Skav av hesje-staur veit ein snautt om vart nytta til for. Elles kom hesjinga hit først med ståltråden, og det var såleis ukjent frå gamalt. Ein har her ikkje nytta tre-vyrke til "hesje-streng"
- 11-12: Ein skulle av for å henta skav-ved. Denne veden vart alltid kalla skav-ved.
- 13: Ein kjenner ikkje ordet marka i sers tyding som har med innsamling av hjelpe-for å gjera
- 14: Ein tok til med å henta skav-ved på førejulsvinteren og heldt det fram til kyrne vart slepte på beite. Hentinga av skav-ved var ein lekk i den vanlege arbeids-rytmen på gården, og ein veit ikkje sers om at ein såg det som serleg surt og hardt arbeid, heller ikkje veit ein om noko sers lagt i dette arbeidet som skulle gjeva tokke av liding.

- 15 : Då sjølve skavinga til vanleg var eit kvelds-
arbeid, var det helst inne i stova ein heldt til,
einaste staden der ein hadde nokolunne rimeleg
ljøs. Det var mykje slik at ein var av om dagen
og henta den skav-veden som ein skulle ta for seg
til kvelds. Var det ruskut vær og lite ute verande
om dagen, kunne ein gjerne halda til på låven t.d.
men skavinga som kveldsarbeid, som det jamnast var,
gjorde ein inne i stova.
- 16 : Ein halv-sliten langorvs-ljå var det jamnast ein
nytta til skave-reiskap. Ein ny ljå var for brei
til at han eigna seg som best til dette bruket.
Handtaket på ljåen vart fetla med ei ty-fille.
M.o.t. spørsmål kring tynsleljåen, så var denne
ukjend for eldste meldaren om dette(fødd 1875)
- 17 : Skov ein inne i stova batt ein ein stolpe til
sengestolpen (senga var då jamt inne i stova),
~~stikk~~ og sat ein t.d. på låven nytta ein seg av ein
staur frå golv til tak.
- 18 : Ordet skav-hæl er ukjent.
- 19 : Då ein skov, heldt ein ljåen i høgre handa og
skav-veden i venstre.
- 20 : Veden ein skov vart kalla skav-ved
- 21 : Såvidt ein har kunna skjøna vart sjølve borken som
ein hadde skøve kalla for skav,
- 22 : Det var helst, eller berre tunne kjeppar ein skov
Ein hogde tre av på midten, kjyllte dei, med tanke
på at det skulle renna nye skot opp frå kjydle-
stuen, og desse skota var det så ein mykje tok
til skav-ved. - Skav-ved-kjeppane skulle vera
ei alen lange.

- 23 : Den skovne skav-veden vart kalla skjevler. Det var ein skjevel, - skjevler, skjevlene. - Eg ska' gje deg av skjevelen! kunne barnet verta truga med, bar det seg ikkje åt som det skulle.
- 24 : Skavet skulle vera så tunt som det var råd å få det, utan at noko av ved-laget fylgde med. Det var skil på skavarar. Tenestgjentene kunne også verta sette til å skava og ein kunne gjerne sjå på om tenestgjenta ein ville festa til garden, var flink til å skava.
- 25 : Skjevlene nytta ein jamnast til vanleg brensel. Ein la dei gjerne til turkings etter kvart som ein hadde skave, og nytta dei så til brensel ~~sida~~ sidan. Det kan også vera at det var til sers brensel dei vart etla, såleis til bakste-ved, men det var ikkje til slikt sers bruk dei berre var tenkte.
- 26 : Skav til for vert ikkje nytta no. Det var sume gardar som heldt fram med skaving til for omlag tretti år sidan, til ~~omlag~~ byrjinga av 1920-åra, men då meir til naud-hjelp i sers vanskelege år. Den gamle skavinga, då kvar garden såg dette foret som ein viss del av vinterforet til kyrne, var det slutt med ei god tid før, utan at ein skal kunna tidfesta nøyse.
